# Meland kommune

Helgesen Tekniske Bygg AS
Valestrandsfossen
5281 VALESTRANDSFOSSEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 08.06.2016 |
| Dykkar: | Marianne Aadland Sandvik | |
| Vår: 16/1371 - 16/11315 | marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no | |

## GBNR 22/147 - Manglar / trong for tilleggsopplysningar

Vi viser til søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot kommunal veg for oppføring av tilbygg på gbnr. 22/147 og 168 journalført motteke 18.5.2016.

I følgje gjeldande reguleringsplan er grad av utnytting på eigedomane 40% BRA. I søknaden er det opplyst at areal på eksisterande bebyggelse har BRA 240 $m^2$. Etter det vi kan sjå har eigedomen eit bygg på om lag 280 $m^2$ BRA og eit på om lag 240 $m^2$ BRA.  Med arealet på tilbygget, 140 $m^2$ BRA, og parkeringsarealet på 126 $m^2$ BRA, kjem ein over total tillatt utnytting. Skal vi vurdere om det kan gis løyve til tiltaket må det difor søkjast om dispensasjon frå fastsatt utnyttingsgrad i reguleringsplanen, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

I tillegg kan vi ikkje sjå at det ligg føre samtykke frå Arbeidstilsynet, jf. arbeidsmiljøloven § 18-9 første ledd.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Helgesen Tekniske Bygg AS | Valestrandsfossen | 5281 | VALESTRANDSFOSSEN |